

# HYRDINGEN

NR. I

Februar 2014

ÅRGANG 56

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



## "Dei stumme orda" i gudstenesta

SIDE 8



Alteret i Vikebygd kyrkje.

*Giro for bladpengar ligg inni bladet!*

### Sideoversikt

Presten har ordet .....	2
Stjernen ledet vise menn .....	2
Redaksjonspennen .....	3
Statlege midlar til trusopplæring .....	3

Ein møtestad i vekst .....	4
Barnas side .....	5
Portrett Olav Eikeland .....	6
Rekord resultat på basar .....	7
Ein super julekonsert .....	7

Prestehjørnet .....	8
Kyrkjelydstur til Israel .....	8
Gudstenester og møter .....	10
Utbjøa bedehus 75 år .....	12
Aktiv hundreåring .....	12



# Presten har Ordet

## Same avling med mindre såkorn?

Det er Jesus som samanliknar Guds ord med såkorn. Korleis voksteren blir, avheng av kvar kornet blir sådd (sjå Lukas 8, 4-15), er eit poeng i Jesus si forteljing.

Kva slags vilkår har Gudsordet i dag? Eg trur det er sant at Bibelen ikkje blir lesen høgt så mange gonger og så mange stader som før. Ikkje veldig mange praktiserer dagleg høgtlesing frå Bibelen i heimen. Radioandakten varte dagleg i 20 minutt på 1960-talet, og gjekk på beste sendetid på den einaste kanalen som fanst. I dag får han åtte minutt på ein av mange kanalar, klemt mellom trafikk meldingar og pop-musikk. Min skulekvardag starta med Fadervår og slutta med bøn om velsigning. Innimellom var det salmar og bibelforteljingar i ord og plansjar.

Skal me så sukka over tilstanden i dag?

Det er ikkje alltid det er mengda det kjem mest an på. Om Guds ord blir så sjølvsagt at ein ikkje lenger høyrer sprengkrafa i det, står ein på nippet til å misbruка Guds namn. Og det er farleg.

I eit prestegardsbibliotek kom eg over eit nær 200 år gammalt skriv frå Innanriksdepartementet til prestar landet rundt. Då, midt under Napoleonskrigane, stengde engelske krigsskip for import til Noreg. Det knapt fanst såkorn. Rundskrivet frå regjeringa innehold ei oppskrift på korleis ein kan få maksimal haust med lite såkorn: Spavend dobbelt så djupt, hakk dobbelt så godt, ha



**Jon Ådnøy**  
*Sokneprest i Skjold*

på godt med hevd. Ei takkete papplate fylgte rundskrivet. Den var mal for korleis bønder skulle laga ein reiskap som kunne rissa eit rutemønster i den vel preparerte åkeren. Med eitt korn i kvar kryss, og god trakking til slutt, kunne ein hausta same avling med fjerdeparten så mykje såkorn, lova departementet.

Korleis kan me spavenda, hakka og gjødsla, slik at Ordet frå Gud skaper det det nemner? Me, som har tilgjengeleg ti gonger så mykje fakta, tjue gonger så mange meininger, og tallause tome ord frå alle som ropar "Høyr på meg!" – korleis kan me skapa situasjonar der Guds ord lettare kan slå rot?

Ein god start er å ta med heile seg inn i bibellesinga. Inkludert tankar, fakta, kjensler og erfaringar. Det finst både menneske og hjelpemiddel som kan hjelpe ein med å skjøna. Det er strevet verd. For "Guds ord er levande og verksamt" (Hebrearbrevet 4, 12).

## Stjernen ledet vise menn

Av Gunnar Listog

Då adventtida byrja, dukka dei tre vise menn frå Austerland opp i Skjold kyrkje. Dei vart ståande i våpenhuset gjennom heile adventstida og julehelga, til stor glede for alle som vitja Skjold kyrkje.

Det er Marit Breivik, Inger Marie Ohm, Berit Mortveit Listog, Pia Flæte og Anne Lise Østrem Mortveit som har fått mennene på plass. Dei flotte draktene er blitt til i løpet av mange dugnadskveldar i mørke haustkveldar.



Stor takk for eit positivt og kreativt innslag. Og truleg kjem dei tre vismennene på vitjing igjen når julen nærmar seg att.



Av Steinar Skartland

Det er flott å gå på gudstenester i Vindafjord. Sokneprestar, kateket og frivillige medarbeidrarar har satsa på inkludering av born og ungdom når bygdefolket samlast i den lokale kyrkja. Søndagsskular, barnekor, speidrarar, konfirmantar og ei rekke lokale trusopplæringsstiltak deltek og er synlege i mange av gudstenestene. Rundt om kring i landet har mange kyrkjelydar fått statlege tilskott for å driva arbeidet. Hos oss har det vore finansiert med gjevaruteneste, dugnad og tilskott frå kommunen.

Nå er det endeleg Vindafjord sin tur. Hurra! Sokneråda har eit stort ansvar for trusopplæringsjobben. Vi vonar sjølvagt at det store fellesarbeidet og dugnaden som har prega trusopplæringa lokalt, vil halda fram med like stor glød. At ein ikkje tenker: Nå får vi pengar. Då ordnar alt seg. Nei, det viktigaste elementet i trusopplæringa er vaksne som bryr seg. Som deltar og engasjerer seg. Som borna kan sjå opp til. Det må vi halda fram med. Men med pengar kan ein løysa nokre av dei utfordringane vi står overfor. Få gode hjelparar tilsett.

Det blir spennande å sjå kva sokneråd og fellesråd kan få til når dei nå skal planleggja framtida med trusopplæringsjobben for nye generasjonar.

## Bladpengar Støtt opp om kyrkjebladet!

Vårt mål er at kyrkjebladet skal koma ut til alle husstandar i Vindafjord kommune med 6 nummer i året. Tusen takk til deg som nyttar giroen i dette bladet og betaler inn eit beløp. Dermed er du med og gjer dette mulig. Vi har sett opp kr 250 pr mot-takar, men vil du betala eit anna beløp, så kan du velja det sjølv.

Dei to siste åra har vi hatt eit lite underskott, men om nokre fleire nyttar vedlagde giro får vi balanse i rekneskapen igjen. Innkassa frå bladpengar og nokre annonsar skal dekka kostnadane.

Betalar du rett i nettbank så nyttar du kontonummeret 3201.53.18049 både for bladpengar, gåver og anna støtte.

Tusen takk!

# Endeleg statlege midlar til trusopplæringsjobben



Trusopplæringsmedarbeider Berit Stople hjelper 1. klassingane i Vikedal med å byggja Noas ark.

### Av Kari Vik Stuhaug, Leiari Felles utval for Trusopplæringsjobben, FUT

Ved statsbudsjettet for 2014 blir endeleg dei siste kyrkjelydane inkluderte i trusopplæringsreforma landet rundt. Desse midlane har vore etterlengta i Vindafjord kommune og sokneråda har no fått melding frå bispedømmet om at det kjem statleg overføring i siste halvdel av året.

Det er dei 8 sokna som får tildelt midlane, medan det er Fellesrådet som får ansvaret for å forvalte dei og ha arbeidsgjevaransvar for stillingar. Tildelinga skal for det første ta omsyn til talet på døypte barn inntil 18 år i soknet, og for det andre om det frå før er stillingar innan undervisning i kyrkja som får tilskott over statsbudsjettet. Det er det ikkje Vindafjord. For det tredje skal tildelinga ta omsyn til særlege geografiske og sosiogeografiske forhold. Det vil stå sentralt å få robuste stillingsstorleikar, noko som hjå oss forutset samarbeid på tvers av soknegrenser slik vi allereie gjer.

I Vindafjord har vi allereie kome eit stykke på veg i samarbeid om Felles utval for trusopplæringsjobben (FUT). Denne vinteren har vi tilsette i til saman 50 % stilling av innsamla midlar som

ein forløpar for dei statlege midlane vi ventar på. Midlane har også gjort det mogeleg å ha ein student i praksis denne vinteren. Det betyr at vi har kome i gang med aktivitetar og gjort erfaringar som vil vera nytte i den vidare prosessen. FUT er svært takksame for alle bidrag frå både private gjevarar, sokneråd og kommune som har gjort dette mogeleg. Avtalen med gjevaruteneste inntil tre år blir dermed oppfylt etter berre to år. FUT ser ikkje bort frå at det også med statlege midlar kan vera aktuelt å føre vidare ei gjevaruteneste for å skape større handlingsrom. Men først må vi sjå kva storleiken på den statleg overføringa blir.

Bispedømmerådet har tatt initiativ til ein prosess ut over våren som startar med ei felles samling i Vindafjord 4. februar. Deretter blir forslag til fordeling av midlane sendt frå bispedømmerådet til sokneråda og fellesrådet på høyring. Bispedømmerådet fattar vedtak om fordeling av midlar 15. mai. Det blir også to inspirasjonssamlingar for kyrkjelydane i Vindafjord i april, i tillegg til at bispedømmerådet lover å følgje opp med rettleiing overfor sokneråda, fellesråd og tilsette i denne prosessen.

I 1983 starta Anny og Arnold Waraas opp eit arbeid for born og unge i Erslandskretsen i Skjold. Arbeidet var for born frå 4. klasse og oppover.

I dag er det yngre krefter som har leiaransvaret. Fleire av dei har vaks opp med dette bedehustilbodet, sett verdien og ynskjer at også deira born skal veksa opp med "Yngres" og verdiene som dette arbeidet gjev. Nokre av leiarane er også rett og slett "blitt gifte" inn i arbeidet.



Amelie Helene Heisch, Lise Byrkja Dagsland og Karina Stople i full sving.

## Ersland Yngres

# *Ein møtestad i vekst!*

Av Gunnar Listog

### Kan me ikkje ha "Yngres" kvar måndagskveld?

Opp til 17 born frå 4. klasse til 8. klasse møtest annankvar måndagskveld for mellom anna å driva med trearbete og byggje, pusse, male, - eller perle og støype ljós. Halvfabrikata eller gjenbruksartiklar vert omdanna til nye, fine produkt.

I tillegg er også ein aktivitet eller leik fast innslag, likeså andakt. Denne tredelte leisten har vore i alle år.

Frå kl. 19 – 20.30 er trivselsfaktoren så høg på Ersland bedehus at mange av deltagarane har bede om møtekeldar kvar veke. Det signalet viser at 30-åringen framleis er ung.

Borna som er med, er ikkje berre frå Erslandkrinsen. Innanfrå Isvik kjem forældre køyrande med borna sine, likeså frå Austrheim-krinsen.

### Unge leiarar

Leiarane som møter ein, er friske ungdomar med stort pågangsmot og entusiasme. Dei kjekke ungane, gleda over tilboden både hjå born og foreldre, at borna held fram med å koma år etter år, likar å jobbe med hendene, er blant det som inspirerer dei. Truleg er det også kjekt å vita at dei fører ein sosial arv vidare, og ikkje minst: Dei er eit kristent leiarlag som har det kjekt saman! Det merkast.

### Basar

Kvar vår arrangerer "Yngres" på Ersland basar. I år skal den vera 4. april. Då vert produkta som er blitt laga i løpet av hausten og vinteren, loddna ut. Dette brukar å vera ein populær basar, og inntektene kjem lett opp i 20. – 25.000 kr. Overskotet vert oftast delt mellom Normisjon og Stemnestaden i Tysvær. Men treng Ersland bedehus ei investering, vankar det òg pengar her. Prosjektor og ny ytterdør er døme på det.

### Mange eldsjeler

"Yngres" på Ersland eit eit barnearbeid som har skapt verdiar og sett spor. Mange i grenda har i større eller mindre grad delteke, men nokre har vore aktive i ei årrekke. Harald Dagsland har ført rekneskap i 29 år og delteke som leiar m.a. saman med Per Harald Hjelmeland, Marit Breivik og Ottar Krakk.

I dag er det altså neste generasjon som fører arven vidare til stor glede for komande generasjon!



Ikkje rart borna trivest med så blide leiarar. Frå venstre: Vidar Hjelmeland, Kirsti Medhaug Hjelmeland, Karianne Dagsland og Anne Margrete Hjelmeland Gregersen.



Sjur Magnus Krakk i fullt arbeid som kyrkjebyggjar.

# BARNAS -SIDE



## Fargelegg

Teikning: Kari Sortland




### Finn fem feil



Dei to biletene er nesten like.  
Finn du dei fem feila på biletene  
til høgre?

Teikning: Kari Sortland

### Labyrint



Hjelp Gulliver å  
finne vegen til Frida  
Fløyfisk og kaka.

  
**nettSPRELL.no**

- Musikkvideoar
- Teiknefilmar
- BARNAS-konkurransar

Søndagsskulen si  
nettseite for barn!

**BARNAS**  
14 blader + DVD + CD-ark  
= berre 365,- kr

(privatabonnement  
hem i posten)  
Gruppeabonnement  
berre 199,- pr barn

Ting på barnas@condagtekoton.no  
eller på telefon 22 08 71 00



**TÅRNAGENTENE**



**tarnagentene.no**  
Tårnagentane sin  
eigen nettstad!

# PORTRETTE

## *Olav Eikeland, Vikedal*

**Av Trygve Sandvik**

"Første gongen då eg kom med i soknerådet, var eg rundt 30 år," fortel Olav Eikeland i intervju med Hyrdingen. "Dei andre soknerådsmedlemene (5 stk.) var eldre mannfolk som alle er borte no. I dei tider var det ikkje sett opp noko valliste til soknerådsvalet i Vikedal, og valet starta rett etter gudstenesta, og folk røysta på dei som dei tykte kunne høva best, og dermed hadde eg ikkje noko å seia før eg var innvald."

Ja, dette var starten til fleire periodar i soknerådet. Dei to siste åra av perioden vart han vald til formann, og han har ytterlegare 3 periodar bak seg som formann frå 1981 – 1984, og frå 1989 – 1997.

### Oppvekst og utdanning

Olav er fødd i 1943, og han vokste opp på heimegarden Eikeland på Mo i Vikedal som den eldste i ein syskenflokk på 3 (to gutter og ei jente). Han fekk ein hard oppvekst. Alt som 10 – åring miste han far sin, og mora sat att med 3 born på 10, 6 ½ og 2 år. Det var ei travell tid, og Olav laut tidleg vera med å gjera det arbeidet han kunne utføra på garden. Og mora greidde å driva garden vidare med god hjelp av born og slektingar og litt leigejhelp, særleg i onnene. Han hugsar særleg ein sommar dei hadde mykje turrhøy ute. Onkelen frå Skjoldastrauen starta heimefrå på sykkelen i 3 – 4 tida om morgonen for å hjelpe til med høyberginga, og dei dreiv på og køyerde på turrhøy heile dagen. Omkring nonstider fekk dei siste lasset på låven, og rett etterpå silregna det. "Sjølv sagt kunne me fått noko meir utav garden, men me heldt drifta oppe, og me greidde å livberga oss", fortel Olav frå oppvekståra sine.

Som 17 åring gjekk Olav på Solborg ungdomsskule, og seinare tok han jordbrukskulen på Tveit på Nedstrand. Det var bonde han ville verta, og etter militæret overtok han heimegarden i Vikedal.

### Kristent arbeid

Olav kom tidleg med i kristent arbeid. Utøver frå konfirmasjonsalderen var han med i den kristne ungdomsklubben. Denne klubben omfatta alle dei indre bygde-

ne. Seinare var han med i styret for bedehuset på Mo, der han var vore formann i mange år. Han tykkjer nok at det har vorte noko vanskelegare å samla folk i kyrkja og bedehuset i seinare tider særleg samanlikna med dei tider då han var liten og det var møteveke med forkynning over fleire dagar. "Men eg har likevel merka meg at folk stiller opp for å gjera ein innsats for kyrkja og/eller bedehuset slik at om dei kanskje utanpå synest å vera uinteressert i det som føregår i desse lokala, er dei likevel svært imøtekommende for å få vera med å gi ei hjelpende hand når det

### Politisk engasjement

Å ta ansvar måtte Olav læra tidleg. Dette har ført til at han har sagt ja til mange oppgåver i lokalsamfunnet der andre har vegra seg. Interessa for politikk har vore stor, og no er han inne i den 5. perioden i kommunestyret. Første gongen han kom inn var i 1984, og det er Senterpartiet som er partiet hans. I tillegg til å vera med i kommunestyret har han vore med i fleire nemnder og utval, og i forrige periode var han leiar for Drifts- og utviklingsutvalet. Sjølv om han ikkje alltid når fram med synspunkta sine, er han med på å få dei inn i rett lei, og på den måten pregar han utviklinga slik han ønskjer det.

### Giftarmål

"Eg vart gift i godt vaksen alder," fortel Olav, då me snakka om sivilstanden hans. Dette hende for berre 4- 5 år sidan, og ho som han fekk kjær, kom frå traktene nord for Hønefoss i nærlieken av innsjøen Sperillen. Ho fekk seg arbeid på sjukeheimen i Ølen i 2005, seinare vart det sjukeheimen i Vats. No har ho funne seg godt til rette i Vikedalsdalen, og dei gler seg begge når dei kan ta seg turar i den vakre naturen. For det er utrolig mange fine stader å finna både i Vikedal og ellers i distriktet.



trengst. Dette gler eg meg over, og eg tolkar det slik, at ganske mange ønskjer at det frå desse husa framleis skal vera liv og samling om Guds ord".

Olav er svært glad for det kristne arbeidet som vert gjort i bygdene. Normisjon har prøvd å samla folk i dei ulike bygdene i indre Vindafjord til fellesmøte i ei bygd slik at flokkane kan verta større. Her er ikkje noko fast møteplan, samlingane har føregått i samråd med kontaktane i bygdene. Her er Olav ein av pådrivarane.

Når det gjeld kyrkja, er det ikkje berre gjennom det friviljuge arbeiet at Olav er engasjert. For tida har han ein deltidsstilling som kyrkjetenar, og han følgjer difor godt med på det som føregår i kyrkja. Han har stor sans for den utviklinga som er på gong med at personar i nær familie er med på innslag under dei kyrkjelege handlingane som t.d. tekstlesar under dåp eller vigsel.

### Pensjonisten

No er Olav pensjonist. Garden har han overlevert i god stand til brorsonen sin. Mjølkeproduksjonen har vore den viktigaste næringsinntekta. Opp gjennom åra har jordbruksarealet vorte utvida, og i dag framstår garden som eit bærekraftig bruk. Brorsonen har flytta frå Suldal med kone og born og slege seg til i Vikedalsdalen. Olav er svært glad for at han har fått avloysar på garden og at ein ny familie har busett seg i dalen. Slik sett kan han lena seg attende og ta dagane med ro. Men trur du han gjer det? Å nei, så lenge det er ein kvan som treng ei hjelpende hand anten det er på garden eller i lokalsamfunnet vil nok Olav trø til. Den arven han fekk med seg heimefrå i unge år, vil nok følgja han vidare. Ansvarskjensla og hjelpsemda forsvinn ikkje.

# Vågen bedehus

## Rekordresultat på basaren

Av: Arne Borgemyr

**Om lag 31.000 kroner vart resultatet på den årlege bedehusbasaren i januar. Ingen kan huske at det nokon gong har kome inn så mykje før. Mykje folk, både barn, unge og vaksne fylte salen og kjøpte villig lodd og årer. I år var det tidlegare sokneprest Harald Grønnevik som heldt andakt med tekster frå 1. Tim. 1,7: *For Gud gav oss ikkje ei ånd som gjer motlaus; vi fekk Anden som gjev kraft, kjærleik og visdom.* Han understreka mellom anna at Gud gir sine rike gaver.**

Inntekta går til drifta av bedehuset, og det gode resultatet viser at bygdefolket har stor omsorg for huset sitt. Det blir ennå tydelegare når me veit at julemessan i november gav om lag 185.000 kroner netto til nytt bedehus. Bedehusbasaren er eit prosjekt bygt på tru der ein startar loddsalet på butikken nesten utan gevinstar. Så kjem folk med sine gaver, store og små. Dei same folka kjøper lodd og årer. Til slutt blir gevinstane fordelte ved trekking blant dei same folka!



Pensjonert sokneprest  
Harald Grønnevik heldt andakt.



David Berntsen var ein av mange lukkelege vinnarar!

### ÅRSMØTE

Det vart også halde årsmøte for bedehuset i januar med om lag 45 deltagarar. Gurine Fosse og Vidar Berntsen hadde sagt frå seg attval. Nye i styret vart Inger Elisabeth Koch og Lars Fjellveit. Frå før står Oskar Feed, Eivind Hetland og Ragnhild Thorsen. Berit Ølfarnes vart vararepresentant. Årsmøtet godkjende årsmelding og rekneskap. Elles var det orientering frå barnearbeidet og

frå ei nemnd som arbeider med planar om nytt bedehus. Nemnda håper at ein kan kome vidare med tomtespørsmålet i løpet av året når reguleringsplanen er vedtatt. Det vart elles understreka at eit nytt bedehus vil krevje offer av forsamlinga om me skal lukaast. Årsmøtet gav tilslutning til at ein skal begynne å teikne medlemmar i bedehuset. Det skal og gjennomførast ein revisjon av bedehuset sine lover.

# Ein super julekonsert!

Av Gunnar Listog

Skjold kyrkje var meir enn fullsett då Skjold barnekor, G-17 og Feedback arrangerte julekonsert 22.desember. Det vart ein konsert der tone og tekst fekk stå åleine og fylle rommet. Overgangane var naturlege og smidige, noko som gav større plass til tonen og teksten.

Konserten bar preg av svært god timing. På mange måtar opplevde ein å gå

frå det eine musikalske høgdepunktet til det andre, frå korsong, duettar og solo. Eit profesjonelt orkester framheva kvalitetan.

Slik skal ein julekonsert vera, sa mange etterpå. Og kvifor ”importere gullstrupar” når me har dei sjølve. Gro Marit Messmer Larsen og Solrun Byrkja representerer så avgjort slike kvalitetar.

Takk for ein flott konsert. Ein ekstra takk til Ellen Marie Andersen for ein



flott komponert konsert og til Kari Synnøve Velde Haugen for entusiastisk kordirigering.

# "Dei stumme orda" i gudstenesta

Av Johannes Nedrelid  
Sokneprest i Ølen

Vår lutherske kyrkja har alltid vore ei "ordet si kyrkje" og preika har vore det viktige. Men kyrkjerommet der vi feirar gudstenesta rommar så mykje meir. Symbola, "dei stumme orda" har mykje å seie til oss både om Gud, og oss. Veit du at rommet som vi kjem inn i kallar vi våpenhuset. Frå gamal tid sette ein fra seg våpena her. Kyrkjerommet var eit rom for fred. Vi har ikkje konkrete våpen med i dag, men gjerne andre våpen som vi kan legge att her. Usemjø, misuning kan vere nokon av dei. Dei kan vere farlege nok. Vi kjenner nok uttrykket "eit drepane blikk".

Inn i kyrkja er vi i skipet, der bildet går tilbake til Noah og arka han bygde. Som dei som var i arka blei redda, berga er også kyrkjerommet. Skipet er staden der redningsbodskap, frelsesbodskapet lyder.

Vi har lysgloben med Kristuslyset som skin inn i verda for alle mennesker. Vi kan be stille og tenne eit lys for nokon

som har det vanskeleg, der vi set dei i samanheng med Jesus som det gode lyset.

Går vi vidare til altaret så står der to lys. Eit for Gud og eit for meg og deg.

Gud er det gode lyset, som vi får vårt lys av oppgåve som lys, slik Jesus sa: De er lyset i verda.

Altaret i seg sjølv er eit enkelt bord, men det symboliserer Gud som er tilstades i gudstensta når vi samlast. I eldre kyrkjer er heilt i austenden av kyrkja. Siste post før himmelen. Der er kyrkjer som har trapp på veggen bak altaret for å symbolsere at neste stopp er hos Gud. Andre kyrkjer har altaret mitt i kyrkjerommet. Då talar det om Gud som er på same nivå som oss andre. Han er komen som ein av oss. Alterringen er ikkje heil. Det talar om håp. Der er nokre som har natt fram til målet, til himmelen vi seier på daglegspråket. Når vi feirar nattverd er dei og rekna med og då blir ringen heil.

Vi får avslutte med døypefonten og dåpsfatet. Ofte er døypefonten 8-kanta.

Symbolet er dei 8 menneska som blei redda i Noas Ark. Dåpsfatet er rundt der er ingen ende, slik vi og les frå Bibelen i dåpen. "Gud vare din utgang og din inngang frå no og til evig tid. "Dei stumme orda" er mange. Sjå litt på dei og reflekter neste gong du er til gudsteneste eller i kyrkja i eit anna høve.



## Kyrkjelydstur til Israel og dei palestinske områda

Av Johannes Nedrelid

**Søndag 5. oktober dreg Ølen og Bjoa sokn med eit charterfly frå Sola til Tel Aviv for å tilbringa vel ei veke i Det Heilage Landet. Det sokneprest Johannes Nedrelid som etter ein vellukka studietur sist vinter fekk ønskje om å la heile kyrkjelyden få oppleva det bibelske landet og har fått sokneråda si godkjenning for turen som teknisk vert arrangert av SabraFokus i Kristiansand.**

Vel nede i Tel Aviv gjeng turen rett til Galilea kor Jesus dreiv det meste av si oftentlege virke. Med base i den moderne byen Tiberias gjeng ferda til kjende bibelske stadar som Kapernaum og Nasaret, båttur på Genesaretsjøen og fottur langs Jordanelva. Det vert besök hos Israelsmisjonen i Haifa, tur på Golanhøgdene og bad i varme kjelder. Så vert det ein fridag i storbyen Tel Aviv før ferda bær opp til Betlehem som nå vert utgangspunkt for resten

av reisa. Her skal det feirast gudsteneste saman med palestinske kristne og syngast julesongar på hyrdemarkene i stemningsfull kveldsmørke. I Jerusalem vil ein på ein særleg måte få følja Jesus på hans siste vandring fram til hans død og oppstoda. Ein tur til Dødehavet, verda sin lågastliggjande og saltaste innsjø, er sjølv sagt og i programmet og det vert god tid til å sjå seg ikring i Jerusalem sin Gamleby. Ingen som kjem til Jerusalem kjem utanom Holocaust – minnestaden Yad Vashem.

### Dagsprogram

Søndag 5.10. : Stavanger - Tel Aviv- Tiberias  
Mandag 6.10. : På og rundt Genesaretsjøen  
Tirsdag 7.10. : Nasareth, Zephoris, Haifa  
Onsdag 8.10. : Til Tel Aviv  
Torsdag 9.10. : Fridag i Tel Aviv  
Fredag 10.10. : Til Betlehem  
Laurdag 11.10. : Jerusalem  
Søndag 12.10. : Betlehem  
Mandag 13.10. : Dagstur til Dødehavet  
Tirsdag 14.10. : Jerusalem  
Onsdag 15.10. : Betlehem - Tel Aviv - Stavanger

### Pris og påmelding

Grunnpris pr. stk kr. 17 350,- + flyavgiften kr. 480,- og tips 110 US\$. Pris er berekna på minimum 25 betalande deltagare i dobbeltrom m/ halvpensjon, alle inngangsbillettar i følgje programmet, all transport, skandinavisktalande guide og hotell i turistklasse.

Ved å venda seg til kyrkjekontoret eller SabraFokus vil du få tilsend fullstendig program med skjema for påmelding. Det er grense for kor stor gruppa kan verta, men fram til påske har alle fra Bjoa og Ølen sokn førsteretten til å meldia seg på.

Torsdag 27. mars kl. 19.00 er det orienterings og informasjonsmøte om kyrkjelydsturen på Kyrkjeturset i Ølen.



# ANNONSER OG KUNNGJERINGAR

Velkommen til  
Lundeneset

## Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg.  
Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon,  
Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

[LES MER PÅ LVS.NO](#)

LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMvgs LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMvgs LUNDENESET VGS



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12



Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

## BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • [www.olensenter.no](http://www.olensenter.no)



Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap  
og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61

Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

## Innbjøa bedehus

16.2.	19:30	Songmøte v. Marit Andresen Røen
19.2.	19:30	Årsmøte - Sonja
05.3.	19:30	Onsdagsmøte Elin.Odd
12.3.	18:15	Bønnemøte
19.3.	19:30	Songmøte m. Anne Lise B. Lien
23.3.	16:00	Temakveld: Norges Grunnlov 200 år
02.4.	19:00	Fellesmøte m. Vik (Gunnar)
09.4.	18:15	Bønnemøte
30.4.		Bedehusbasar
12.3.	17:00	<b>Barnekoret</b> 4 år og oppover
09.4.	17:00	<b>Barnekoret</b> 4 år og oppover
23.4.	17:00	<b>Barnekoret</b> 4 år og oppover
18.2.	17:30	<b>Mini-Credo</b> 2.-3. klasse
04.3.	17:30	<b>Mini-Credo</b> 2.-3. klasse
18.3.	17:30	<b>Mini-Credo</b> 2.-3. klasse
01.4.	17:30	<b>Mini-Credo</b> 2.-3. klasse
14.2.	17:30	<b>Credo</b> 4.-7. klasse
14.3.	17:30	<b>Credo</b> 4.-7. klasse
28.3.	17:30	<b>Credo</b> 4.-7. klasse
11.4.	17:30	<b>Credo</b> 4.-7. klasse
14.2.	17:30	<b>Thelmelia</b> Ungdomsk. Videreg.sk.
14.3.	17:30	<b>Thelmelia</b> Ungdomsk. Videreg.sk.
28.3.	17:30	<b>Thelmelia</b> Ungdomsk. Videreg.sk.
11.4.	17:30	<b>Thelmelia</b> Ungdomsk. Videreg.sk.

## Vågen bedehus

14.2 – 16.		Temahelg v/Røyland
19.2.		Basar Sjømannsmisjonen
23. 2.		Søndagsmøte
26. 2.		Bønnemøte
2.3.		Søndagsmøte v/Ola Ohm
5.3.		Bønnemøte
9.3.	16:00	Søndagskaffi
12.3.		Bønnemøte
13.3. –16.3.		Møteveke v/Curt Westman, NLM
19.3.		Basar IMS
23.3.		Søndagsmøte, Gideon
26.3.		Bibeltime v/Olav Eikemo, IMS
29.3.		Fest «Enig og Tro» 100 år.
		Tale v.Birger Helland
30.3.	11:00	Misjonsmøte v/Birger Helland
1.4.	19:00	Basar Gutelaget Daniel
2. 4.		Bønnemøte
3. 4. – 6.4.		Møtehelg, IMS
9. 4.		Bønnemøte
13.4.		Søndagsmøte
20. 4.	16:00	Påskedagsmøte

## GRAVSTEIN



Se vår store  
utstilling, eller ring  
og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](http://www.skattkjaer.no)

**Skattkjær Skiferindustri as**

Ørpelveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30

Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

# VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Gudstenestesundag	Vikedal prestegjeld	Skjold prestegjeld	Ølen prestegjeld
<b>16. februar</b> Såmannssundag Luk 8,4-15	<b>Sandeid kyrkje kl. 11.00</b> Høgmesse. Dåp. Nattv. Takkoffer: Det norske Bibelselskapet. Årsmøte. Konf. tek del.	<b>Sk Skjold kyrkje kl. 17.00</b> G-17 gudsteneste Barnekor Presentasjon av det nye misjonsprosjektet Takkoff: Misj.prosjektet	<b>Ølen kyrkje kl 19.00</b> Kveldsgudsteneste. Nattverd. Takkoffer:
<b>23. februar</b> Kristi forklæringsdag Matt 17, 1-9	<b>Imsland kyrkje kl. 16.00</b> Høgmesse. Nattverd Takkoffer: Sjømannskyrkja. Årsmøte/soknemøte. Sak: Norsk Salmebok.	<b>Vats kyrkje kl. 11.00</b> Nattverd Takkoffer: Kyrkjel.arb. <b>Vikebygd kyrkje kl.16.00 -</b> Nattverd Takkoffer:	<b>Ølen kyrkje kl. 11.00</b> Høgmesse. Nattverd. Takkoffer.
<b>2. mars</b> Fastelavnssundag Joh 17, 20-26	<b>Vikedal kyrkje kl. 16.00</b> Høgmesse. Nattv. Takkoffer: Det norske Bibelselskapet.	<b>Skjold kyrkje kl. 11.00</b> Nattverd Takkoffer: Misjonsalliansen	<b>Bjoa kyrkje kl. 11.00</b> Høgmesse. Nattverd. Takkoffer.
<b>9. mars</b> 1.s. i fastetida Matt 4, 1-11	<b>Sandeid kyrkje kl. 16.00</b> Familiemesse. Nattv. Avslutning dåpsskulen. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet.	<b>Vats kyrkje kl. 11.00</b> Nattverd Takkoffer: Kirkens Bymisjon	<b>Ølen kyrkje kl. 19.00</b> Vandregudsteneste (Retreat i fasten). Nattverd. Takkoffer:
<b>16. mars</b> 2.s i fastetida Matt 15, 21-28	<b>Imsland kyrkje kl. 11.00</b> Høgmæsse. Nattv. Takkoffer: Menighetsfakultetet. Konf. tek del.	<b>Skjold kyrkje kl. 11.00</b> Fam.gudsteneste Nattverd - Barnekor Avslutn.dåpsskulen Takkoffer: Barne-ungdarb. <b>Vikebygd kyrkje kl. 16.00</b> Fam.gudsteneste Nattverd Avslutn. Dåpsskulen Takkoffer:	<b>Ingen gudsteneste i Ølen</b>
<b>23. mars</b> Maria Bodskapsdag Luk 1, 26-38	<b>Eintveit, Åkrafjorden kl. 11.00</b> Familiegudsteneste Konfirmantur Takkoffer: Konfirmantarbeidet. Kyrkjekaffi og forfriskningar!	<b>Vats kyrkje kl. 11.00</b> Familiegudsteneste Nattverd - Barnekor Avslutn.dåpsskulen Takkoffer: Søndagsskulekrinsen	<b>Ølen kyrkje kl. 11.00</b> Familiemesse. Nattverd.. Avslutning på skattekjaka for 1. klasse. Takkoffer:
<b>30. mars</b> 3.s. i fastetida Luk 11, 14-28	<b>Vikedal kyrkje kl. 11.00</b> Høgmesse. Nattverd Takkoffer: Dei fire diakoniinstitusjonane. Konf. tek del.	<b>Skjold kyrkje kl. 19.00</b> Samtalegudsteneste Takkoffer:	<b>Ølen kyrkje kl. 18.00</b> Ung Messe. (Samtalegudsteneste) Takkoffer
<b>6. april</b> 4.s. i fastetida Hebr.4, 14-16	<b>Imsland kyrkje kl. 11.00</b> Høgmesse. Nattv. Takkoffer: Diakoniarbeidet.	<b>Vats kyrkje kl. 17.00</b> Nattverd Takkoffer: Stv.bispedømmeråd	<b>Bjoa kyrkje kl. 11.00</b> Familiegudsteneste. Barnekoret. Takkoffer:
<b>13. april</b> Palmesundag Joh 12, 12-24	<b>Sandeid, Fjellstøl kl. 12.00</b> Friluftsgudsteneste	<b>Vats kyrkje kl. 11.00</b> Nattverd Takkoffer:	<b>Ølen saman med Sandeid på Fjellstøl kl. 12.00</b>

**ÅRSMØTE I SKJOLD KYRKJELYD: SØNDAG 16. MARS, ETTER GUDSTENESTA.**



*"Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast" (Hebr. 10,25)*

# MØTER OG KUNNGJERINGER

## Bedehusa i Skjold

Dato	Klokka	Stad	Aktivitet
13.2.	19:30	Ersland bedeh.	Årsmøte
16.2.	13:00	Ersland bedeh.	Middag
17.2.	19:00	Ersland bedeh.	Yngres
19.2.	10:30	Skjold kyrkje	Tripp-Trapp (0-6 år)
25.2.		Ersland bedeh.	Møte: Gideon
27.2.	14:00	Skjold kyrkje	60+
27.2.		Ersland bedeh.	Bønemøte
3.3.	19:00	Ersland bedeh.	Yngres
4.3.		Austrheim bed.	møte: Indre Sjøm.m.
5.3.	12:30	Skjold kyrkje	Skattejakt (borna)
7.3.	19:00	Isvik bedehus	Basar.Årsmøte
11.3.		Isvik bedehus	møte: Indre Sjøm.m.
12.3.	12:30	Skjold kyrkje	Skattejakt (borna)
13.3.	16:45	Skjold kyrkje	Barnekoret
13.3.		Ersland bedeh.	Bønemøte
15.3.	12:00	Ersland bedeh.	Misjonsskafé
17.3.	19:00	Ersland bedeh.	Yngres
18.3.		Ersland bedeh.	Normisjon
19.3.	10:30	Skjold kyrkje	Tripp-Trapp (0-6 år)
21.3.	19:00	Austrheim bed.	Snøklokka basar
25.3.		Austrheim bed.	Søndagsskulekr.
27.3.	14:00	Skjold kyrkje	60+
27.3.	16:45	Skjold kyrkje	Barnekor
27.3.		Ersland bedeh.	Bønemøte
29.3.	15:30	Ersland bedeh.	Lørdagssprell
30.3.	19:00	Skjold kyrkje	Samtalegudsteneste
31.3.	19:00	Ersland bedeh.	Yngres
1.4.		Isvik bedehus	Møte: NMS
4.4.	18:00	Ersland bedeh.	Yngresbasar
8.4.		Ersland bedeh.	Bønemøte
10.4.	16:45	Skjold kyrkje	Barnekor
10.4.		Ersland bedeh.	Bønemøte

## Vikebygd bedehus

13.2.	11:00	TrippTrapp, born 0-6 år m.foreldre
13.2.	19:30	Møte: Indremisjon. Marit Ådnanes
15.2.	15:30	Laurdagsklubben for born
20.2.	19.00	Misjonkveld, film. Indre sjøm. Georg Kallevåg
1.3.	15:30	Laurdagsklubben for born
13.3.	11:00	TrippTrapp, born 0-6 år m.foreldre

13.3.	19:30	Møte: Normisjon. Geirmund Lygre.
15.3.	15:30	Laurdagsklubben for born
22.3.	13:00	Grautsal. kl.15.00 Basar.Årsmøte
10.4.	11:00	TrippTrapp, born 0-6 år m.foreldre
10.4.	19.30	Møte: Gideon

## Blikrabygda bedehus

26.2.	19:30	Møte: Muslimmisjonen
19.3.	19:30	Møte: Gideon
30.4.	19:30	Møte: Samemisjonen
28.5.	19:30	Møte: DISM

## Kårhus bedehus

17.2	19:30	Årsmøte for bedehuset
5.-8.3	19:30	Møteveke, Onsd-laurd. Misjonssambandet
9.3.		Misjonssambandet, tid: Sjå plakat.
16.3.	11:00	Søndagsskule på Vindafjordtunet: Barnekoret, søndagsk.-konsulent Elisabeth Fauskanger.
26..3.	19:30	Møte: NMS
3.4.	18:00	Påskevandring for søndagskulen og barnekoret (rett etter øvinga for barnekoret)

## Øvre Vats bedehus

13.2.	19:30	Årsmøte for bedehuset.
		Årsmelding, rekneskap og val
19.2.	19:30	Onsdagsmøte: Samemisjonen
29.2.	19:30	Ternakveld: Teikn og under
6.3.	19:30	Ferske inntrykk frå Etiopia
12.3.	19:30	Onsdagsmøte: Normisjon
20.3.	19:30	Temakveld: Smittande tru
2.4.	19:30	Onsdagsmøte: Indre Sjømannsmisjon
9.4.	19:00	Basar for Normisjon Andakt. Mat og kaffi. Åresalg.
23.4.	19:30	Onsdagsmøte: Muslammisjonen
21.5.	19:30	Onsdagsmøte: NMS

## Blikrabygda bedehus

26.2.	19:30	Møte: Muslammisjonen
19.3.	19:30	Møte: Gideon
30.4.	19:30	Møte: Samemisjonen
28.5.	19:30	Møte: DISM

# FRÅ KYRKJEBOKA

## VIKEDAL

Døpte:
Milla Aaker
Døde:
09.01. Trond Moberg f.1950

## IMSLAND

Døypte:
12.01. Tobias Særsten
12.01. Adrian Rønnevik
Døde:
15.12. Karen Svenninne Hustveit f.1919

## SANDEID

Døypte:
24.11. Ian Andrè Langelid
24.11. Elina Bjelland
24.11. Johanna Helgevold
24.11. Emma Gabrielle Schaathun Hustvedt
25.12. Eirin Tandrevold Krokedal

## Døde:

30.11. Harald Rørtveit f.1931
15.01. Knut Tveitane f.1934

## VATS

Døde:
25.11. Ole Malvin Eikesdal f.1939

## Ølen

Døypte:
01.12. Lidun Erichsen Østebøvik

## 12.01. Aksel Aarekol

## Døde:

16.11. Torleif Tvedt f. 1952
14.12. Liv Haga f. 1924

## 10.01. Iris Syrena Hansen f. 1928

## 14.01. Mattis Gravelsæter f. 1939

## Bjoa

Døypt
08.12. Celina Digernes Lothe

# Utbjoa bedehus 75 år

**Av Hans Asbjørn Aasbø**  
Foto Ole M Granberg

## Utbjoa Bedehus feira 75 års jubileum 29. desember 2013

Bedehus for Utbjoa krins vart reist etter at Nils Eintveit kom som lærar kringen. På den tid vart huset mykje nytta til møte og til minnesamvær i kjellareta-sjen. I fleire ti-år dreiv Laurits Svalland søndagsskule her med godt frammøte. Dette sluttar ut på 60-talet.

Sjølvé huset er tømra av pløgd gran-tømra. I taket er det panel, fint saman-sett av Alfred Svalland. Møtesalen står framleis slik den var ny: Alt er trekvitt. I litlesalen har vi fått eit lite kjøkken, som er svært tenleg ved større tilskipingar. Alle vinduer er opprinnelege, utan om vindu i tilbygg med toalett, som vi fekk for vel 30 år sidan.

Jubileumsfesten i jula vart leia av Hans Asbjørn Aasbø. Me var så heldige å få spr. Harald Eintveit til å halda festtalen. Han fortalte om onkelen sin Nils som det heng biletet av i salen. Eintveit talte godt til oss om ein kongeson med kongekruna som var fødd i jula. Kongesonen er også



vår hyrde med sin hyrdestav.

Det var gang rundt det vakre juletreet for barn og vaksne. Songen runga i det vakre bedehuset både før og etter fest-

måltidet for dei vel 40 frammøtte. Barnekoret gledde med god sang ved leiarane helene og Anne Lise. Sistnevnte kom også med fin solosang.

## Aktiv hundreåring

# Kvinneforeininga «Enig og tro» i Ølensvåg har 100-årsjubileum

**Av Bjørg Borgemyr**

Den 14. januar 1914 hadde nokre unge jenter i Ølensvåg eit møte hos leiaren av Kinamisjonen (no NLM), Gunnar T. Lun-de. Dei hadde hørt om misjonsarbeidet i Kina og ønskete å arbeide for denne misjonen. Møtet vart starten på eit langvarig engasjement for misjonen for mange generasjonar jenter og kvinner. I starten var det eit jentelag. Etter kvart har det utvikla seg til å bli både jentelag og kvinne-foreining. Hanna Strand vart leiaren den første tida. Historia fortel at jentene ein gong møtte motstand i arbeidet. Då tok dei kvarandre i hendene og sa: «Enig og tro til Dovre faller». Dette skal vere bakgrunnen for namnet «Enig og tro».

## 100-åringen i dag

I dag har kvinneforeininga ti medlem-

mar. Dei samlast i heimane kvar fjor-tande dag til bøn, andakt, nytt om mi-sjonen og misjonsgåve – og så må me ikkje gløyme matøkta. Dei har også ein basar som årleg gir vel tjue tusen kroner til misjonen. Jentelaget tel om lag tju-efem medlemmar. Dei samlast på bedehuset i Vågen til andakt, ei lita utloadding og gjerne ei formingsøkt. Noko å bite i høyrer også med.

## Markering av jubileum

Det er planlagt open misjonsfest på Vågen bedehus laurdag 29. mars kl. 18.00 og misjonsmøte sundag kl. 11.00. For-kynnaren og misjonsleiaren Birger Hell-land blir med som talar på begge sam-vera, og Magne Kristoffersen vil synge på festen.



Nokre av medlemmane i dag.  
Frå v. framme: Målfrid Berge, Linda  
Espevik og Margaret Ivesdal. Bak:  
Marit Granberg, Solveig Haugen og  
Liv Sakseid.